

Nær 30 uskedelingar vart premiert!

13.11.2015



Koseleg samling for langrennsløparane i Kvinnherad.

27 langrennsløparar frå Uskedalen fekk premie då det vart arrangert premieutdeling for Kvinnheradsmeisterskapet i langrenn og langrennskarusellen 2015. Arrangementet var på Rosendal ungdomsskule torsdag kveld, og det var skigruppa i Rosendal turnlag som var tilskipar.



Flinke langrennsjenter med premie.

Dei mange som vart premiært understrekar den gode aktiviteten i skigruppa. For å verta premiært i langrennskarusellen, må ein ha delteke i minst 3 av dei 5 karusellrenna. Uskedalen har også ein del løparar som hadde delteke i færre renn.

Tilskippinga torsdag starta med samling i auditoriet der det var eit kort innlegg der trenarar og utøvarar fekk gode tips til nettsider som omhandlar trening og kosthald. Neste post på programmet var premieutdeling i Kvinnheradsmeisterskapet som Uskedal idrettslag arrangerte saman med idrettslaget Ternen. Deretter vart det vist ein film som viste lokale løparar i trening og renn i Fjellhaugen og på Korlevoll.

Etter filmen var det pause med quiz, kaker, brus og kaffi. Den koselege kvelden vart avslutta med premieutdeling i Kvinnheradskarusellen.

Desse uskedelingane fekk premie: Amund Berge Soldal, Andrea Hjelmeland, Anna Elisabeth Samland Eik , Brynjar Vigrestad, Camilla Myklebust Ripel, Emma Myklebust Ripel, Hanna Tvilde, Johannes Haugland, Jostein Soldal, Kari Bråtun, Karoline Erslund Myklebust, Malene Hjelmeland, Oddmund Soldal, Oliver Enes, Olve Simmones Tveit , Pål Haugland , Pål Ingmar Haugland, Saima Kristine Lomheim Døssland, Silje Soldal, Solveig Haugland, Thea Soltveit Taranger, Tobias Berge Soldal, Torbjørn Haugland, Tord Sæle, Veslemøy Haugland, Viljar Tveit, William Hjørnevåg

De finn mange fleire kjekke bilete ved å klikka inn på [Uskedal idrettslag si heimeside](#).



Flinke langrennsgutar.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Knut Johannes Ripel